



IMPONERT: Bjørnar på 1,5 år let seg imponera og forundra over fiskefigurane på veggen, trygg på mamma Brita Sortland Servan sin arm



HJELPER TIL: Sjur Staveland Sæter 4,5 år festar skjell på skulpturen. Fyrst fekk han litt hjelp, seinare fekk han inn skrua etter skrua heilt sjølv.

Fisken vil på tur

I går var fisken klar for å visa seg fram, seinare vil han på tur. Den blå fisken er designa av den profesjonelle søppel-kunstnaren Elisabeth Roberts, frå USA. Plasten er henta frå strendene kring kommunen vår. Dei har nok å ta av.

Janne Robberstad som leiar prosjektet for Børnlo Kunstlag fortalte laurdag at dei vona å ha fisken ferdig tysdag. Fyrst skal han truleg stå i kulturhuset, seinare vil dei gjerne ta han med på tur rundt om.

– Sunnhordland er eit fint område å starta i, seier Robberstad. Han er veldig tung, så han kan ikkje stå kvar som helst og ute kan han heller ikkje stå i lengda, då smuldrar plasten og bli mikroskopisk og det er ikkje ein del av prosjektet, smiler Janne Robberstad.

– Me kan ikkje samla plast for å senda mikroplast tilbake i naturen.

Laurdag stod altså prosjektet

i veteranlaget sin hall i Autogarden i Rubbestadneset. Her var folk inviterte til å delta.

Og folk kom. Sakte seig det på med store og små og ingen fekk gå att for dei hadde bidreg med eitt feste eller to. Slik det såg ut laurdag vert det ein fargerik fisk som kan minna litt om blåstål. Det har alltid vore vår "akvariefisk" den vakraste og mest fargerike under kaiene.

Mariann Gerdssøter Sagvåg



FINNEN: Ryggfinnen ligg ein annan stad i verkstaden. Her står Ruth Mallinson og Hilja Sotkajärvi Poulio og festar spor på finnen.

Klart for Kanaldagane

I helga er det Kanaldagar. På mange måtar større enn nokon gong før.

I år vert Kanaldagane ved Kuleseidkanalen skipa til for 16.gongen. Det vert kystkongleg opning ved Sildakongen Arild Otto Sildenskiold Mørch, og mellom artistane som skal opptre i eit stort konsert- og festfelt denne helga er Vestlandsfanden, Bjørn Jensen frå

Ausekarane, Serlina Sulebakk frå «Allsang på grensen», Ten Sing Børnlo og eit stort Abba-show med vokalistar som Unni Hilt, Hibbi Mannes, Henriette Braavig og Mads Pedersen.

The Jokers, Våge skulemusikkklag, Kløver og Skarre R er også mellom underhaldingskretene no i helga.

Arrangørane, seks frivillige lag og organisasjoner i Våge skulekrins, seier i ei pressemelding at det dessutan er ny rekord for den maritime marknaden med tal på standar. Talet er 50.

Som vanleg ligg det mange veteranbåtar fortøydd langs kalkanten, og det maritime vert ytterlegare understreka med at i år er det historiske foredraget under Kanaldagane om historia til Innvær Plast og deira plast-snekker.

Nils-Tore Sele
nils.tore@bomlo-nytt.no



KLARE VED KULESEIDKANALEN: Om få dagar er det fullt av gamle skuter og skøyter langs Kuleseidkanalen. Arkivfoto

Populaære kystsogedagar



POPULÆRT: Fiskebassenget i båthamna var eit populært innslag. Alle foto: Geir Einarsen



SØT PUS: Emma Eidesvik vart forvandla til ein söt kattepus etter ansiktsmålinga.

Det vart sett ny publikumsrekord på Kystsogedagane i Langevåg laurdag. 500 personar tok turen.

Sist helg gjekk Kystsogedagane av stabelen i Langevåg. Arrangementet vart opna med sjømat og 3 Busserulls fredag kveld, og heldt fram med eit variert og kjekt program for både små og store laurdagen.

Då vart det også meldt om publikumsrekord, då heile 500 personar var innom arrangementet. Sondag var det, tradisjonen tru, vandring på gammal kyrkjeveg som avslutta Kystsogedagane i Langevåg.

Arrangøren melder om god stemning og var særskilt nøgd med at fleire utstillerar enn tidlegare hadde teke turen til bygda. Dei takkar bygdefolket og alle dei frivillige som stilte opp og hjelpte til og som bidrog til det vellukka arrangementet.

Her er ein liten biletakavalkade frå helga.

Randi Olsen

randi.olsen@bomlo-nytt.no



FOR DEI YNGSTE: Mathilda Vold og Kevin Vold koste seg på karnevalet som vart skipa til for dei yngste.

på Langevåg



FULL INNSATS: Det var ingenting å seia på innsatsen i rokonkurransen!



NUMMER TO MED TØFF BIL: Kasper Jaskula hadde den tøffaste kassebilen og vart nummer to i racet.



SVINGA: Gunnar Andersen og 3 Busserrulls fekk det til å svinga fredagskvelden.



UNDERHELDT: Svanhilds orkester var blant dei som sytte for underhaldninga.

Salem Mosterhamn

Onsd. kl. 1930: Bønnemøte
Lør. kl. 2030: Sott og Salt i Sion
Sønd. kl. 1100: Søndagsamling med sondagskule. Kjell Håland, NLM
Mand. kl. 1100: Babysong
VELKOMMEN
www.salem-moster.no

Strikkekafé

I dag, 30.08. kl. 1900
 vert det strikkekafé
 i Håvik bedehus.
**Ta med handarbeid
 og kom!**



DEN FRIE EVANGELISKE FØRSELING
 MOSTERHAMN

Fred. kl. 1830: Junior
 kl. 2030: Ungdomsmøte
Lør. kl. 2030: Sott og Salt i Sion
Sønd. kl. 1100: Samlingsfest
 kl. 1600: Aldersheimen
Mand. kl. 0600: Morgenbornn
Tirs. kl. 2000: Bonn
 Neste onsdag kl. 1930:
 Felles bonn hos Kristent
 Fellesskap, Skyttarhuset
Alle varmt velkommen
www.sionmoster.no

Betania
Mosterhamn

Onsd. kl. 1930: Bibel og bønn
Sønd. kl. 1100: Sangmøte med Willy Karlsen
Velkommen til Betania
www.betania-moster.net

Gilje bedehus

Onsd. kl. 2000: Pusterom
Fred. kl. 1830: Slushklubb
Lør. kl. 2000: Zoomln
Sønd. kl. 1900: Møte med Marit Adhanes
Mand. kl. 1900: Informasjonsmøte
Hjarteleg velkommen
www.giljebedehus.net

børmlø soul children

startar opp onsdag 30. august
kl. 18.00 i Bremnes kyrkje
 Songglade born frå 1. klasse og oppover er hjarteleg velkomne.

For meir info, tlf. 901 14 036 (Lene) / 480 25 585 (Rita)

Esso BREMNES AUTO AS**Me held stengt i dag, 30.08.**

Me beklagar, men grunna utskifting og oppdatering av kasse og kortterminal må me halda stengt.

AUTO SERVICE AS**Me held steng torsd. 31.08.**

grunna utskifting og oppdatering av kasse og kortterminal.

BASAR PÅ LEKEVOLL

LAURDAG 2. SEPTEMBER KL. 15.00
 Åresal med mange fine gevinstar. Servering av kaffi og kaker! Inntekta skal gå til vedlikehald og drift av Lekevoll. (Gevinstar mottas med takk).
Frå Bergen kjem prest Magne Utle, som var ein kjærkomen gjest i KFUK-KFUM i «tidlegare tider»
 Velkommen til semesteropning for KFUK-KFUM, Rubbestadneset og Bremnes

DEN NORSKE KYRKJA
Børmlø Kyrkjeloge Fellesråd**Utbetring av fasilitetane ved Lykling kyrkjegard**

Børmlø kyrkjeloge fellesråd ynskjer med dette tilbydarar til prosjektet «Utbetring av fasilitetane ved Lykling kyrkjegard». Prosjektet inneheld: (1) restaurere delar av servicebygget knytt til Lykling kyrkjegard, (2) få ny vasspost med tilhøyrande drenering og (3) ordne dreneringa frå takrenne på sørsida av kyrkja.

Synfaring: 5. september kl. 08.00.
Tilbodsfrist: 11. september kl. 08.00

Prosjektbeskriving fās ved henvending til Trygve Leigland på trygve.leigland@børmlø.kommune.no
 Spørsmål rettast til telefon 53 42 32 90.

RØYKSUNDKANALEN VERT STENGT FOR BÅTTRAFIKK

ved Røysund bru fredag 01.09.17. Kanalen vert opna i helga. Deretter vert det stengt mandag 04.09.17 t.o.m. torsdag 07.09.17 grunna arbeid i kanalen.

AVISVEKE 44

30. OKTOBER-3. NOVEMBER

Gratis arbeidshefter
 og avisar til 4. trinn,
 6. trinn og 9. trinn:

**AVIS PÅ
 TIMEPLANEN**

Bestill på
avisuke.no.
 Siste frist er
 9. oktober

Avisveka er eit samarbeid mellom Avis i skolen og di lokalavis

Børmlø-nytt
 - lokalavis til

AVIS I SKOLEN
 MEDIEBEDRIFTENE

**Me tilbyr annonseplass
 på papir, nett og mobil**

Go Matn

MOSTERHAMN
 Telefon 53 22 72 01

Me har alt i catering

Ope: mand.-torsd. 11-18,
 fred./lør. 11-22, sønd. 13-20

Meny søndag:
 SVINESTEIK

**ESPEGARD TRETJÆRE**

Vi har farget
 tretjære, linolje
 og terpentin.
 Se hele vårt utvalg
 på espagard.no

**Naturens egen
 trebehandling**

DIVERSE

KJELLERLEILIGHET TIL LEIE
 på Stavland.

Tlf. 900 44 832

TRENGER DU ...
 Snekker, flislegger, maler,
 tapetserer eller
 kjøkkenmonter - ring:
Skimmedland Eiendom AS
 Tf. 957 58 780

Regionens
 største utvalg
fylkesnesbil.no
Fylkesnes Bil
 ENDELIG OG KOMPETENT
 Stord - 53 40 40 40

joker FINNÅS
VEKAS JOKER:
GILDE KARBONADER
 810 g. 39⁹⁰
 Følg oss på FB:
facebook.com/jokerfinnaas/

Dans

Øyvind Halleraker
 og Trekantsambandet

spelar til dans i Grindabygget fredag og laurdag
 CC kr. 150,-. Ald.grense 18 år. Dørene opnar kl. 21.

**NETTINFO****MÅLARAVLEISING****1. SEPTEMBER ER DET TID FOR MÅLARAVLEISING**

Avlesinga kan du meldia til oss på følgjande måtar:

Tlf.: 800 68 108, via SMS eller «Mi side» på internett

Husk at kundenr. skal ha 8 siffer og målarnr. 6 siffer.
 Legg til nullar framfor dine siffer, slik at antall siffer vert korrekt.

Meir informasjon og rettleiing om målaravlesing, sjå **nett**.
finnas-kraftlag.no

Finnås Kraftlag

Me e' der når nåke skjer!

Kanaldagane 1.-3. sept. 2017**17 PROGRAMINNSLAG I STORT TELT - FOR HEILE FAMILIEN.**

Bl. a. Sildakongen fredag kl. 17.30, Abba-show laurdag kl. 15.00 og klovnene Ray Speedy sundag kl. 13.30.

Sjā detaljar på plakat, facebook eller på kanaldagane.no

SHOW OG DANS MED**Bjørn Jensen og Vestlandsfanden**

**laurdag 2. sept.
 kl. 20.00 i telt
 ved Kuleseid-
 kanalen.**

Billett: tikkio.com
 Løyve for sal
 av drikke.
 Ald. grense 18 år.

**NORWAY-FJORDHYTTER**

MEIR LØNSAM UTLEIGE!

NORWAY-FJORDHYTTER
 ynskjer sārt å koma i kontakt med deg som leiger ut eller tenkjer på å leiga ut til tyske turistar!

Rorbuer eller feriehus ved fjord og sjø med tilgang til båt er etterspurd av våre gjester, og vi garanterer gode inntekter! **NORWAY-FJORDHYTTER** er eit norsk firma med tysk datterselskap, for meir informasjon: www.norway-fjordhytter.no info@norway-fjordhytter.de Tlf. 417 64 069

NORWAY-FJORDHYTTER

MEIR LØNSAM UTLEIGE!

NORWAY-FJORDHYTTER
 ynskjer sārt å koma i kontakt med deg som leiger ut eller tenkjer på å leiga ut til tyske turistar!

Rorbuer eller feriehus ved fjord og sjø med tilgang til båt er etterspurd av våre gjester, og vi garanterer gode inntekter! **NORWAY-FJORDHYTTER** er eit norsk firma med tysk datterselskap, for meir informasjon: www.norway-fjordhytter.no info@norway-fjordhytter.de Tlf. 417 64 069

HUGS BILBELTE!

